

Skulestad barnehage
Fitjavegen 18
5710 Skulestadmo



Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Innspel på høyring om endringar i barnehagelova

Det er i utgangspunktet veldig bra med ein bemanningsnorm og betra pedagogtettleik i barnehagar. Då vert kvaliteten nokolunde lik over heile landet, for alle barnehagar.


Imidlertid må visse kriteria oppfyllest før bemanningsnormen kan gjerast gjeldande:

- Finansieringa til private barnehagar må aukast før innføring av norm for pedagogtettleik og bemanning, slik at den står i samsvar med kravet om auka bemanning. Me kan ikkje ha ei ordning som i dag, der me får tilskot ut i frå rekneskapen til kommunen for 2 år sidan. Då var ikkje bemanningsnorm innført, og kommunen hadde sparetiltak på bemanninga. Med tilskot utan samsvar med krava vil ikkje dei private barnehagane ha høve til å oppfylle lovbestemminga.
- Det må takast høgde for at barnehagar i dag har mykje lenger opningstid enn dei hadde tidlegare → difor enda tettare bemanningsnorm; 1 vaksen pr. 2,5 småbarn/5 store barn.
- Det må og takast med at barn i dag har mykje lengre opphaldstid i barnehagen enn tidlegare, både lengre dagar og fleire dagar, då dei fleste foreldre jobbar i heile stillingar → difor endå tettare bemanningsnorm; 1 vaksen pr. 2,5 små barn/5 store barn.
- Det må og takast omsyn til at det er fleire barn som strevar, av ulik art, i dag enn tidlegare og trenger meir og tettare oppfylgning → difor endå tettare bemanningsnorm; 1 vaksen pr. 2,5 små barn/5 store barn.
- Det må takast omsyn til at pedagogane har lengre planleggingstid enn dei hadde før i tida. 2 pedagogar eller fleire på avdelinga, fører til minimum 8 timar til planlegging i veka vekke frå avdelinga og barna.
- **Ideell bemanningsnorm er 1 vaksen pr 2,5 småbarn og 1 vaksen pr. 5 store barn.** Då vert det mogleg å ha OK vaksentettleik gjennom heile dagen, både ved levering og henting og tilpassa dei lange opningstidane dei fleste barnehagar har i dag, oppfylgning av barna sine lange dagar i barnehagen og lettare å fylgje opp alle barna sine behov, samt utfyllande for planleggingstida til alle pedagogane.
- Pedagognormen går ikkje opp i tal med vaksentettleiken for småbarnsgrupper, td. har mange småbarnsavdelingar i dag 14 barn og 2 pedagogar. I forhold til ny norm for vaksentettleiken, på 3 småbarn pr. vaksen, vil det vere naturleg å auke opp barnegruppa med 1 barn til 15 barn og 5 vaksne, men då får me eit barn for mykje i forhold til pedagognormen som seier 1 pedagog pr. 7 småbarn! Reduserer me barnegruppa, må me ta inn 2 færre barn på kvar småbarnsavdeling, slik at det berre vert 12 barn og 4 vaksne må ein avdeling. Då misser kommunane mange småbarnsplassar.
Pedagognormen for småbarn må difor vere 1 pedagog pr. 7,5 småbarn eller 7-8 småbarn.
- Barnehagelærarar skal utgjere stammen i barnehagen sin pedagogbemanning, men det er bra om det opnast for å tilsette andre typar pedagogar og, td barnevernspedagog, musikkpedagog,

som kan vere svært berikande og lærerikt for barna og personalet, og som kan utvikle barnehagen som pedagogisk tilbod og omsorgstilbod.


- Barne- og ungdomsarbeidarar er ein viktig ressurs og trengs som hovudvekt av øvrig personale.
- Mange små barnehagar strevar i høve til økonomi og pedagogtettleik/bemanningsnorm. Dei kan ha avgrensa areal til å auke opp tal barn i gruppa eller dei kan bli pålagt auka pedagogressurs, som vil rasere økonomien deira. Det same om dei må auke opp bemanninga i forhold til tal barn, då dei små barnehagane er ekstra sårbare.

Skulestadmo, 12/10-17



Anne Ragnhild D. Kyte

- dagleg leiar -



Hege Cathrine Pettersen

- SU-leiar -